

Møtebok Skodje sokneråd

Dato: 20.6.2024

Stad: Kyrkjebrakka

Til stades: Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Bitten Kvilekval, Lars Flåte, Jan Løkkeborg, Knut Bjune.

Forfall: Bente Vadset

6 vedtaksføre

Sakliste:

Val av referent for dette møtet: Knut vald som referent.

Orienteringssaker:

Frå AU: Konsert med SKRUK 8. desember

Nytt teppe i kyrkja: Saka må opp på neste SR for å melde det inn til Fellesrådet

Utllysing av kantorstillinga vil skje i august

Festivalgudstenesta 1. september: Litt enklare liturgi, men med natteard. Janne og Knut skaffar personar til kyrkjekaffien, då diakoniutvalet ikkje er supplert

Frå stab: samling med nyttilsette som tek til i august:

Jan Kristian Behrentz (prest under utdanning, Ørskog)

Solveig Witcomb, kateket,

Astrid Josefine Eide, dagleg leiar

Frå Fellesrådet: Ingen saker å referere

Sak 16/24 Budsjett 2024

Arnstein la fram eit framlegg til budsjett for 2024, basert på 5% auke i høve til rekneskapen for 2023. Etter nokre endringar vart budsjettet vedteke med eit driftsoverskot på 9.551 kroner. Ein legg til grunn at refusjon til fellesrådet for trusopplærarstillinga er uendra på kr 260.000.

Vedtak: Budsjett for 2024 vedteke med dei endringane som kom fram i møtet.

Einstemmig vedteke.

Sak 17/24 Rekneskapsrapport jan-mars.

Rekneskapsrapporten blei gått gjennom. Post 8020 på kr 29.236,57 kan sjå ut til å vere dobbelført som inntekt. Dette må sjekkast og evt korrigrast.

Vedtak: Rekneskapsrapporten tatt til vitande med merknadar.

Einstemmig vedteke.

Sak 18/24 Vidare arbeid med kyrkjestova

Framlegg til romprogrammet frå staben på vart lagt fram og drøfta saman med framlegget frå kyrkjestovekomiteen. Staben sine ønskje er som følgjande:

- Huset må kunne leies ut til f.eks dåp, minnesamvær, konfirmasjon ++
- Vi trenger et velfungerende kjøkken
- Toalett (til personalet + til menighet)

- 6 kontor (minst) med et prestekontor som er litt større mtp samtaleplass. Kantorens kontor må ha plass til instrument.
- Møterom/lunsjrom med plass til ca 12 personer
- En stor sal med ei scene (kanskje ei scene som kan dyttes inn og ut? Der størrelsen på scene kan tilpasses bruken til ulike arrangement?). Salen må kunne deles i to.
- En krok med kaffebar ut mot salen (i tilknytning til kjøkken)

Frå Soknerådet si handsaming:

- Utleige kan verte krevjande med tanke på arbeidsinnsats, utstyr og konflikt med eigne arrangement, f.eks dåpsselskap og kyrkjekaffi etter gudstenesta. Samstundes må lokala og kjøkkenet vere utstyrt og i orden for eige bruk i alle høve.
- Det kan bli vanskeleg å få plass til 6 kontor. I komiteen sitt framlegg er 4 kontor pluss samtalerom. Soknerådet ønskjer ikkje ope kontorlandskap, men kontor som kan lukkast og då bør dei vere minimum på 10 m² kvar og behalde samtalerommet. Kontordelen utvidast då med berre 5 m² noko som bør kunne gå greitt anten ved å utvide totalramma frå 290 til 295m² eller ta det frå salen. Vurdere bruk av lydtette faldedører t.d mellom dåpsrommet og salen eller dåpsrommet og samtalerommet.

Vedtak: Soknerådet gjev si tilslutning til kyrkjestovekomiteen sitt framlegg til arealplan for kyrkjestova med følgjande merknadar: Det skal ikkje vere ope kontorlandskap, ramma for desse kontora utvidast frå 25-30 m². Bruk av lydtette faldedører vurderast.

Vedteke mot ei stemme

Sak 19/24 Neste møte

Neste møte er fastsett til 22.august. Vidare møteplan for hausten vedtakast på dette møtet.

Referent: Knut